



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4600 - 18/26330

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
18.12.2018

## Mulig skade på fangdam ved Mjåtveit rensesepark

Viser til epost datert 24.10.18 frå Meland kommune og dykkar svar datert 31.10.18.

Meland kommune spurte i eposten om avklaring på om på om ein skade som følgje av hogst på ein av demningane ved Mjåtveit næringspark. Det vart stilt spørsmål frå ein interesseorganisasjon om demninga lekker meir enn tidlegare og skadane er av eit sikt omfang at dei kan påverke prosjektet med utsetting av elvemusling som fylkesmannen i Hordaland leder. Det vart lagt med eit notat frå LFI Norce om dagens situasjon for den aktuelle demninga. Vidare spurte kommunen om det var naudsynt med utbetringar for å unngå påverknad.

I dykkar svar skriv de at basert på den informasjon sendt inn frå interesseorganisasjonen og LFI Norce, at det ser ut til at demninga ikkje lenger fungerer som tiltenkt ettersom det renn vatn ut under demninga. De skriv vidare at de ikkje kan reetablere elvemusling i Mjåtveitelva før elva har ein leveleg miljøtilstand. De vurderer vidare at ein refusert effekt av bassenget av er sterkt uheldig, då ein auka partikkelavrenning vil kunne påverke levekåra for elvemusling.

Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg for reetablering av elvemusling i vassdraget, og har tidlegare satt ut elvemusling i vassdraget. Meland kommune ber difor om ein endeleg avklaring på om demninga ikkje lenger oppretthald den funksjonen den skal ha for å unngå partikkelavrenning. Dersom den ikkje lenger har naudsynt funksjon ber kommunen om tilbakemelding frå fylkesmannen på om kva tiltak som er naudsynt for å få demninga sin funksjon tilbake. Meland kommune ser det som viktig at fylkesmannen som både er rådgjevande- og forvaltningsmynde innan ureining og naturmangfald bidreg i prosessen for å avklare om demninga framleis har tiltenkt funksjon og om det er naudsynt med utbetringar.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Kopi til:**

Mjåtveit næringspark AS v/Arne  
Kristiansen  
Mjåtveit terrasse AS v/ Leif Jan  
Fosse

5318

STRUSSHAMN

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN